



## Invitasjon til kurs for faste verjer

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil halde kurs for faste verjer i fylket. Kurset vert halde i både Ålesund og Molde. Du melder deg på der det passar best:

- **Scandic Parken Hotel (Rica Parken) i Ålesund den 5.mars 2015 kl. 17.00-20.00**
- **Quality Hotel Alexandra i Molde den 17. mars 2015 kl. 17.00-20.00.**

Fylkesmannen har ei opplæringsplikt for oppnemnde verjer. I opplæringsplikta ligg at fylkesmannen, i tillegg til å vere tilsynsorgan for verjene, har ansvaret for at verjene vert gjeve dei nødvendige «verktøy» for å utføre oppdraga på ein forsvarleg måte.

Tema på kurset vil mellom anna vere:

- Verjerolla og samtykkekompetanse
- Rettar for psykisk utviklingshemma, med vekt på økonomi
- Kort om rekneskapsinnlevering

I tillegg vert det utlevert case og praktiske problemstillingar til diskusjon i grupper og i plenum

Fylkesmannen vonar at du kan ta deg tid til å delta på kurset.

Kurset vil vare i omlag 3 timar med innlagte pausar. Det vert servering av varm mat.

### Påmelding

Påmelding skjer via fylkesmannen sine nettsider: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

Trykk på **Kurs og konferansekalender** på midten av sida, her vil du finne påmeldingsida til kurs for faste verjer som ei nyheitssak. Trykk på «les meir» for å melde deg på.

Har du spørsmål om påmeldingsskjema kan du ta kontakt per e-post til:

[fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eller 71 25 84 09 / 71 25 85 05

**Bindande påmelding innan 1. mars 2015**

Med helsing

Ann Lilly Inderhaug Orvik (e.f.)  
fagansvarlig

Therese Småland

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*